



GRINDANESBRYGGA MED GRILLHUS



PÅ ROMSA ER DET RUNDT 50 VILLSAUER



Alle 8 bryggjene, to grillhus og naustet i Naustvik er til bruk for ålmenta. På gode sommardager ligg det 50-60 båter her. Rundt øygruppa er det høve til eit rikt og variert sportsfiske. På austre del av Stora-Romsa finn ein Noregs største naturreservat for kristtorn – Kristtornskogen. Øyane endra karakter då det meste av gran-skogen vart fjerna vinteren



1996-97. Hogstflatene veks no til med gras og lauvskog, og i samarbeid med Statsskog og lokale bønder, er det sett ut villsau for å halda vegetasjonen nede.

NAUSTVIKA



HISTORIE

Romsa-øyane har hatt busetnad lang tid attende. Opp gjennom tidene har det budd både lensmann og prest på øyane. Oprinneleg var øyane eit bruk, men frå 1840 var det 9 sjølvstendige bruk på øyane. I 1865 var det busett 67 personar på Romsa-øyane. I 1923 til 1944 var øyane eigen skulekrins, og øyane hadde dampskipsanløp og postopneri. Etter krigen vart øyane fråflyttta, og heile øygruppa vart kjøpt og lagt ut til forsøksfelt for skogsfrøavl. Store deler av øygruppa vart då tilplanta med gran.

Du kan lese meir om dette i "Romsa - Ei perle i Sunnhordland" Heftet får du på turist-informasjonen eller hjå oss.



Martha - enkelt og greit - Urtitt 2008 - Alle foto: Karl Dommersnes og Knut-Arild Sørensen



GJENNGRODDE STIAR

ROMSA

Ei perle i Sunnhordland



KVAR ER DETTE?



VINJEHUSET




ROMSA FRILUFTSOMRÅDE


I 1990 vart heile øygruppa, Stora-Romsa, Little-Romsa og Todløy sikra som offentleg friluftsområde. Friluftsrådet har lagt tilrette med bryggjer, stiar, toalett, grillhus og grillplassar. Tiltaka er utført av Friluftsrådet, ofte i samarbeid med lokale organisasjoner, og finansierte med tilskot fra Statskog, Fylkesmannen, Fylkeskommunen og Vindafjord Arbeidsgiverforum.

Bygninger og hustufter gjer øyane til ein spanande stad for unge og voksne oppdagrarar. Gamle ferdsselsvegar er i dag gode turvegar og stiar. På Haukelandstunet står både våningshus, løe og eldhus.

I Ørevik står det siste av dei gamle nausta på Romsa, og i Naustvik har vi bygd opp att det gamle naustet som no står ope for alle til å søkja ly i. I Grindanesvik står det gule "Vinjehuset" og den røde "Professorhytta".



Romsaøyane Sunnhordland



Forvalter skogen og
støtter opp om friluft-
sarbeidet på Romsa

StatSkog

ROMSAØYANE SETT FRÅ BJOA



FORVALTNING - ANSVAR PÅ ROMSA

- Friluftsrådet Vest har hovedansvaret for forvaltinga av Romsa som friluftsområde.
- Friluftsrådet VEST leier ut Vinjehuset.
- Statskog har ansvaret for skogen og gir tilskot til friluftsforvaltingen.
- Fylkesmannen i Rogaland, har ansvaret for naturreservatet (kristornskogen).
- Ølen båtlag forvaltar huset på Herøy.
- Kystlaget Romsa forvalter Haukelandstunet
- Bjoa Båtlag forvaltar Professorhytta

Du kan finne fleire opplysningar ved å søkje på desse nettsidene:

www.FriluftsrådetVest.no

www.Statskog.no

www.Fylkesmannen.no

www.Bjoanett.no

www.Vindafjord.kommune.no

Friluftsrådet VEST er et interkommunalt organ danna av kommunane Vindafjord, Haugesund, Karmøy, Tysvær, Sauda, Bokn, Sveio, Etne, Stord, Fitjar og Bømlo. Friluftsrådet arbeider for å ivareta friluftsinteressane til befolkninga i regionen. Vi er eit rådgjevande organ for kommunane i friluftssaker og har driftsansvar for meir enn 70 regionale friluftsområde. Vi driv og med utelege av friluftsutstyr, natureveiledning for elevar og kurs for ansatte i skuleverk og barnehagar.

Friluftsrådet VEST, pb. 63, 5575 AKSDAL
post@FrluftsrådetVest.no Tlf: 52774830

